



H. Sandvik AS  
Galteråsen 4  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/868 - 17/15017

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
29.09.2017

## Godkjenning - GBNR 23/274 - Løyve til riving av eksisterande og oppføring av ny støttemur mot veg og naboeigedom

**Administrativt vedtak. Saknr: 208/2017**

**Tiltakshavar:** Hening Iversen  
**Ansvarleg søkjar:** H. Sandvik AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Administrasjonen viser til søknad journalført motteke 19.06.2017, supplert 25.09.2017, om løyve til riving av eksisterande og oppføring av ny støttemur mot kommunal veg på gbnr 23/274 på Frekhaug i Meland kommune, samt mur i grense mot naboeigedom gbnr 23/238.

Tiltaket er nærare skildra gjennom situasjonskart og teikningar vedlagt søknaden om løyve til tiltak. Total lengde på muren er opplyst til 20 meter (15 + 5) og den skal utførast som tørrmur/gråsteinsmur. På det høgste blir muren 2,1 meter høg. Det skal oppførast rekkverk oppå muren.

### VURDERING:

#### Nabovarsling og privatrettslege høve:

Søknaden er nabovarsla utan merknader, jf pbl § 21-3.

#### Plan- og lovgrunnlag:

Den omsøkte egedomen ligg i et område som gjennom Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka er avsett til byggjeområde for frittliggjande småhus (byggjetomt 156), jf. arealplanID 125619780310. Tiltaket er i samsvar med arealformålet og planen inneheld ikkje byggjegrense mot veg.

Tiltaket gjeld riving av eksisterande mur og oppføring av ny støttemur med same plassering. Den nye muren blir om lag 50 cm høgre enn eksisterande mur, men vil ikkje innebere endringar på staden som er negative av trafikkomsyn. Muren vil ikkje hindre friskt og vil framleis ligge ca 1 meter frå vegkanten.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast og oppførast som vist på vedlagte situasjonskart og teikningar.

Det ligg føre avstandserklæring datert 07.09.2017 om rett til plassering av støttemuren i nabogrense mot gbnr 23/238. Administrasjonen vurderer at erklæringa er tilstrekkeleg til å kunne godkjenne omsøkt plassering etter plan- og bygningslova, jf pbl § 29-4, 2. ledd, bokstav (a).

Tiltaket er med dette i samsvar med føresegnene i pbl. § 29-4 om plassering, høgde og avstandskrav.

#### Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og arkitektonisk utforming, jf. pbl. §§ 29-1 og 29-2.

#### Ansvarsrettar:

Det ligg føre erklæring om ansvarsrett frå H. Sandvik AS for funksjonane SØK, PRO og UTF.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1, jf § 21-4, løyve til oppføring av støttemur på gbnr 23/274 i samsvar med søknad om tiltak journalført motteke 19.06.2017.

Tiltaket skal plasserast og utførast i samsvar med vedlagte situasjonskart og teikningar journalført motteke same dato. Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf vurderinga ovanfor.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Opplysningane i søknaden om bygning, areal og tiltakshavar blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse. Dersom tiltaket ikkje blir sett i gong innan tre år etter at løyve blei gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl. § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart og teikningar